

## DAGTILBOD FOR PERSONAR MED HUKOMMELSESVIKT

20 februar 2018 vart det starta opp eit nytt dagtilbod for personar med hukommelsesvikt og aldersdemens på Hafslo. Dette er eit tilbod til brukarar som treng aktivisering. Det vil også vere med å førebygge einsemd og isolasjon, og dessutan bidra til at brukarar kan bu lenger i eigen heim. Tilbodet vil også vere ei hjelp til dei som har tunge omsorgsoppgåver i heimen.

Dagtilbodet held til i underetasjen på Hafslo omsorgssenter. Der har dagsenteret eige lokale med eigen inngang.

Me har opparbeida ein sansehage i tilknytning til dagsenteret som me brukar mykje. Der har me også fått oss ei grillhytte til hygge og kos.

Tilbodet er måndag – onsdag – fredag frå kl 09.00 -15.00

Brukarane vil bli henta og bringa heim. Me kjem og hentar deg mellom 08.30 og 09.30 alt etter kor du bur i kommunen.

Personalet på dagtilbodet er samansett av personar med fagkompetanse innan demensomsorg og miljøbehandling.



## DAGPLAN

### MÅLTID

Frukost/ kaffikopp frå ca. kl 09.00

Lunsj ca. kl 12.30

Kaffi og bakst/kjeks ca. kl 14.00

### AKTIVITETAR

Aktivitetar er knytt til årstidene, og interessene til brukarane som er på dagtilbodet

Sansehagen er ein viktig del av tilbodet, då det er mange aktivitetar me kan drive med både inne og ute i tilknytning til hagen. Det kan vere såing av blomster og hausting av bær, grønsaker. Grillhytta vil også bli brukt til bålkos, grilling og ulike aktivitetar heile året.

Me kjem til å ha ei lita trimøkt til musikk kvar dag.



